



Arkivnr: 2014/10441-49

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Låneopptak 2014 - III

Samandrag

Til finansiering av budsjetterte investeringar i 2014 vert det teke opp eit 12 månaders sertifikatlån på 350 mill. kr. Renta er 1,69 %.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Det vert teke opp eit 12 månaders sertifikatlån på 350 mill. kr, tilrettelagt av Danske Bank Markets. Renta er 1,69 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.10.2014

I opphavleg budsjett for 2014 var det budsjettert med bruk av 1 295,6 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. Det er gjort fleire budsjettendringar gjennom året. Etter endringane som fylkestinget vedtok i oktober, vil budsjettert bruk av lånemidlar vere 1 282,8 mill. kr.

Tidlegare i år er det teke opp to obligasjonslån på til saman 850 mill. kr. Ved førre årsskifte hadde ein 260,6 mill. kr i ubrukte lånemidlar. Behovet for å ta opp nye lån i 2014 er difor noko lågare enn budsjettert forbruk.

Fylkesrådmannen går inn for å låne 350 mill. kr denne gongen. Dermed vert sum nye låneopptak i 2014 1 200 mill. kr.

Fylkeskommunen sine lån fordeler seg i hovudsak på tre lånekjelder: sertifikatlån, obligasjonslån og Kommunalbanklån.

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 208 000	27,3 %
Obligasjonslån	5	2 035 000	25,2 %
Kommunalbanken	13	3 831 391	47,4 %
DNB	1	12 454	0,2 %
Totalt	26	8 086 845	100,0 %

Lågast rente oppnår ein normalt på sertifikatlån.

Frå før har fylkeskommunen følgjande sertifikatlån:

	Tal lån	Beløp
Sertifikatlån 3 mnd.	4	1 036 000
Sertifikatlån 6 mnd.	2	731 000
Sertifikatlån 12 mnd.	1	441 000
Totalt	7	2 208 000

For tida er det relativt liten skilnad i renta mellom 3 mnd., 6 mnd. og 12 mnd. sertifikatlån. Fylkesrådmannen går denne gongen inn for å ta opp eit 12 månaders sertifikatlån.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det kom inn slike tilbod på 12 månaders sertifikatlån:

Danske Bank Markets	1,690 %
SEB Merchant Banking	1,700 %
DNB Markets	1,717 %
Nordea Markets	1,730 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Danske Bank Markets.